

Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehuskapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei!

Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjenesten».



Haraldsplass
Diakonale sykehus



Vil du ha mer informasjon
eller trenger du å snakke med oss?



Tlf: 922 07 527



www.haraldsplass.no
Søk: Prestetjenesten

Søndagshelsing

2. juli 2023

5. søndag i treeinigstida

Tema: Å bli lurt



Illustrasjon: Wikimedia Commons

**Det er ikkje gudsteneste i dag.
Kapellet er ope for ei stille stund.**

5. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Matteus 7, 15-20

(Jesus seier:) 15 Ta dykk i vare for dei falske profetane! Dei kjem til dykk i saueham, men innvendig er dei grådige ulvar. 16 På fruktene skal de kjenna dei. Kan ein plukka druer av klunger eller fiken av tistlar? 17 Eit godt tre ber god frukt, eit dårleg tre ber dårleg frukt. 18 Eit godt tre kan ikkje bera dårleg frukt, og eit dårleg tre kan ikkje bera god frukt. 19 Kvart tre som ikkje ber god frukt, blir hogge ned og kasta på elden. 20 Difor skal de kjenna dei på fruktene.



Å bli lurt

«Ulv i fåreklær» er eit velkjent norsk uttrykk, som stammar frå denne bibelteksten. Velkjent er også eventyret Rødhette og ulven, der den godtruande Rødhette ikkje forstår kva ulven eigentleg er ute etter, og opplever at ulven gir seg ut for å vere bestemor.

Falske profetar har vi kanskje ikkje så mange av rundt oss i dag. Men mange av oss har nok gjennom livet opplevd å bli skuffa over at personar viste seg å ikkje vere den vi trudde dei var. Særlig ille er det når ein du har sett opp til, ein du har har full tillit til eller ein du har gitt hjarte ditt til – sviktar. Det er vondt å bli lurt.

Så er det slik at folk er folk, og ingen er perfekte. Det hjelper dessverre ikkje om du er prest eller biskop, eller om du går i kyrkja kvar søndag. Det finnest bare eitt tre som ber fullkomen god frukt, og det er Jesus. Vil vi bere god frukt, må vi leve slik Jesus viste oss.

Å dømme andre, fører ingen stad. Vil ein forandre verda, må ein begynne med seg sjølv, blir det sagt. Det er meg sjølv, eg kan gjere noko med.

Paulus seier at **«Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin»** (Gal 5,22-23).

Det er noko å strekkje seg mot...

God søndag!

Kristin Løddøen Hope

- sjukehusprest -